



**Informasjon til husstandane**

# **Ny renovasjonsordning i Nord-Gudbrandsdalen**

**Frå 1. januar 2025 innfører kommunane og NGR  
kjeldesortering av matavfall. I tillegg går vi over til å  
bruke dunk til restavfall.**

Alle abonnentar vil få to dunkar, ein  
dunk med grønt lokk til matavfall  
og ein dunk med grått lokk til  
restavfall. Ordninga med blank sekk  
til oppsamling av hushaldsplast  
held fram for alle.

I Sel og Vågå held ordninga med  
papirdunk fram, men vi byter ut  
dagens dunk på 140 l med ein  
større dunk på 240 l.



# Matavfall

**Matavfall sorterast i eigne bioposar frå NGR.** Ikkje bruk «vanlege» plastposar. Knyt att posen, og legg han i dunken.

**Nye posar får du på utvalde daglegvarebutikkar, og på miljøstasjonane.**

## Ja takk

- Frukt og grønsaker
- Middagsrestar av kjøt og fisk
- Mjølk og mjølkeprodukt
- Bakvararer, mjøl, gryn, sukker
- Brød og kaker
- Ris og pasta
- Matoljer
- Dessertrestar
- Saus og supper (i mindre mengder)
- Fiskebein og små kjøtbein
- Eggeskal
- Kaffegrut og kaffefilter
- Serviettar og tørkepapir frå kjøkenet( i mindre mengder)
- Teposer og teblad
- Nøtteskal

## Nei takk

- Matavfall med emballasje
- Store bein og knokar
- Større mengder saus, supper, eller anna vått avfall
- Mat- og bakepapir
- Slakteavfall
- Blomar og planterestar
- Hageavfall
- Bleier og bind
- Hundeposar og kattesand
- Oske
- Sigaretsneipar og snus
- Tyggegummi
- Bomull og Q-tips
- Våtserviettar (innehold plast)
- Komposterbare produkt som eingongsbestikk og papptallerkenar



Foto: loop.no

## Kvifor sortere matavfall?

Føremålet er å auke delen avfall som går til materialgjenvinning i tråd med nasjonale målsetjingar.

## Kva skjer med matavfallet?

Matavfallet blir handsama i eit industrianlegg og omdanna til biogass og biogjødsel. Biogass blir brukt som drivstoff i maskinar og køyretøy. Biogjødsel blir brukt til jordforbetring og som erstatning for kunstgjødsel.



---

For informasjon om korleis du sorterer dei andre avfalls-typene sjå: [www.ngr.no](http://www.ngr.no)

---

## Tips og råd om bruk av posane:



Rull med posar skal oppbevarast tørt og mørkt.

Posane er biologisk nedbrytbare etter den europeiske standarden EN13432, og i eit industrielt anlegg blir dei brotne ned utan å etterlate seg restar av mikroplast.

Posane til matavfall har avgrensa haldbarheit, og nedbryting startar mykje tidlegare enn for vanlege plastposar.

I kjøkenbenken må posane bytast ut kvar 3-5 dag.

Ein luftig korg vil bevare posane betre enn ei tett bøtte. Unngå å bruke lokk på korga.

Legg gjerne eit lag med hushaldningspapir i botnen av korga. Brukt tørkepapir i posen trekkjer opp fukt og bevarer posen lengre.

Ber posen i korga når du går ut med den. Då unngår du at posen rivnar dersom nedbrytinga er godt i gang.

## Litt om dunkar:

NGR skaffar dunkar, eig dunken og sørger for vanleg vedlikehald. Abonnenten sørger for tilsyn og reinhald av dunken.

NGR vil stort sett køyre henteruter langs dei vegane som blir køyrde i dag.

**På hetedagen** skal dunken vere klar til henting kl. 07.00 med handtaket snudd mot renovatøren. Dunkane plasserast maks 5 meter frå henteruta. Dunkane skal stå på eit flatt underlag, og om nødvendig må abonnenten brøyte snø og strø vegen fram til dunken. Renovatøren skal kunne trille dunken fritt utan hinder, store høgdeforskjellar eller tersklar. Sjå renovasjonsforskrifta med rettleiar for fleire detaljar.

Det er størrelsen på abonnementet ditt som bestemmer kor stor dunken til restavfall er. Har du ynskje om å endre dette, må du ta kontakt med din kommune. Det same gjeld om dykk er fleire som vil dele på dunkar.

For meir info sjå: [www.ngr.no](http://www.ngr.no)

## Renovasjonsrute og hentekalender:

Frå 1. januar 2025 endrar vi alle henterutene våre. Dei nye rutene finn du på [www.ngr.no](http://www.ngr.no).



Skriv inn adressa di i søkjefeltet, så vil du få opp kva tid vi kjem og hentar avfallet hjå deg. Her kan du også laste ned tømmerutene for di adresse i ein kalender om du har hug til å hengje han på kjøleskåpet. Hugs at rutene kan endrast gjennom året!

I løpet av kort tid vil vi og tilby ein app, der du kan velje å få varsel om neste hetedag på telefonen din. Har du ikkje skrivar, eller smarttelefon, er det berre å kontakte oss så sender vi deg ei utskrift av din tømmekalender i posten.



Nord-Gudbrandsdal  
Renovasjonsselskap IKS

Kongsvegen 4, 2662 Dovre  
Telefon: 991 02 000  
E-post: [post@ngr.no](mailto:post@ngr.no)  
[www.ngr.no](http://www.ngr.no)